



Saksbehandler: Astrid Havn Tranøy

Kommunedirektør/rådmann: Øystein Hagerup

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
010/23	Hovedutvalg oppvekst og kultur	26.04.2023

## Festivaltilskott 2023

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovedutval oppvekst og kultur tildeler følgande festivaltilskott 2023:

Fiskeridagane i Åkrehamn kr 60 000

Kopervik festival kr 60 000

Olavsdagane kr 15 000

I tillegg blir det utbetalt som del av treårig festivaltilskott jmf vedtak om Tilskott festivalar 2021:

Karmøygeddon kr 60 000 (2021-23)

SILK kr 60 000 (2021-23)

Skudefestivalen kr 60 000 (2021-23)

### Dagsfestivalar:

TORV22 kr 15 000

Klassisk påske i Skudeneshavn kr 15 000

Visnesmarknaden kr 9 000

Jul på Vea kr 9 000

Gina Krogh Festival kr 7 000

Jul i Visnes kr 5 000

Karmøy Brass Festival kr 5 000

Tilskottet blir belasta budsjettpost 1470-25442-37700.

Kulturfestivalen Mangfold i Fokus kr 0

Søkar har ført opp festivaltilskott frå Karmøy kommune som einaste inntekt i budsjett for arrangementet, og søknadssummen skal ifølge søknaden i sin heilskap finansiere festivalen. I retningslinjene for tilskott innan kulturfeltet står det at maksimalt tilskott er begrensa til eigeninnsatsen som organisasjonen sjølv går inn med. Tilskott blir satt til kr 0 med grunnlag i at arrangementet ikkje har eigenfinansiering.

Petanque i Karmøy

Søknad avslås med grunnlag i at arrangementet ikkje oppfyller søknadskriterier under retningslinjer for festivaltilskott, då det er eit idrettsarrangement.

Halloween Adventure Walk

Karmøy kommune har forespurt søker om dokumentasjon på at søker er ein frivillig organisasjon med demokratisk valgt styre. Søker har ikkje levert inn dokumentasjon som kan stadfeste dette. Søknad avslås med grunnlag i at søker ikkje ser ut til å vere tilskuddsberettiga, og at arrangementet ikkje har kunst og kulturformidling som hovedføremål.

Festivalar som ikkje har levert inn eigenerklæring om universell utforming og rekneskap for 2022 bes ettersende dette. Tilskott blir utbetalt når dokumentasjon er mottatt.

#### **Hovedutvalg oppvekst og kultur 26.04.2023:**

##### **Behandling:**

Karmøy Brass Festival, foreslått av Stine Karin Bjelland, Arbeiderpartiet

Festivaltilskudd vedtas med følgende endring: Karmøy Brass Festival økes fra kr 5000 til kr 10000. Torv 22 og Klassisk påske reduseres med kr 2500 hver.

Bjelland (Ap) foreslo følgende:

*Festivaltilskudd vedtas med følgende endring: Karmøy Brass Festival økes fra kr 5000 til kr 10000.*

*Torv 22 og Klassisk påske reduseres med kr 2500 hver.*

Innstillingen med Bjellands endringsforslag enstemmig vedtatt.

#### **HOK- 010/23 Vedtak:**

Hovedutval oppvekst og kultur tildeler følgande festivaltilskott 2023:

Fiskeridagane i Åkrehamn kr 60 000

Kopervik festival kr 60 000

Olavsdagane kr 15 000

I tillegg blir det utbetalt som del av treårig festivaltilskott jmf vedtak om Tilskott festivalar 2021:

Karmøygeddon kr 60 000 (2021-23)

SILK kr 60 000 (2021-23)

Skudefestivalen kr 60 000 (2021-23)

Dagsfestivalar:

TORV22 kr 12 500

Klassisk påske i Skudeneshavn kr 12 500

Visnesmarknaden kr 9 000

Jul på Vea kr 9 000

Gina Krogh Festival kr 7 000

Jul i Visnes kr 5 000

Karmøy Brass Festival kr 10 000

Tilskottet blir belasta budsjettpost 1470-25442-37700.

Kulturfestivalen Mangfold i Fokus kr 0

Søkar har ført opp festivaltilskott frå Karmøy kommune som einaste inntekt i budsjett for arrangementet, og søknadssummen skal ifølge søknaden i sin heilskap finansiere festivalen. I retningslinjene for tilskott innan kulturfeltet står det at maksimalt tilskott er begrensa til eigeninnsatsen som organisasjonen sjølv går inn med. Tilskott blir satt til kr 0 med grunnlag i at arrangementet ikkje har eigenfinansiering.

Petanque i Karmøy

Søknad avslås med grunnlag i at arrangementet ikkje oppfyller søknadskriterier under

retningslinjer for festivaltilskott, då det er eit idrettsarrangement.

## Halloween Adventure Walk

Karmøy kommune har forespurt søker om dokumentasjon på at søker er ein frivillig organisasjon med demokratisk valgt styre. Søker har ikkje levert inn dokumentasjon som kan stadfeste dette. Søknad avslås med grunnlag i at søker ikkje ser ut til å vere tilskuddsberettiga, og at arrangementet ikkje har kunst og kulturformidling som hovedføremål.

Festivalar som ikkje har levert inn eigenerklæring om universell utforming og rekneskap for 2022 bes ettersende dette. Tilskott blir utbetalt når dokumentasjon er mottatt.

## Saksutgreiing

Festivalane bidrar rikt til kulturtilbodet, med folkeliv, gode møteplassar, samt verdifulle tilleggsinntekter for frivillige organisasjoner og det lokale næringslivet. Mange festivalar bruker lokale idrettslag som mannskap, som slik får viktige dugnadsinntekter. Tilskott frå kommunen gir viktige signal til fylkeskommune, kulturråd og andre tilskottsforvaltarar om at kommunen prioriterer festivalane. Ved å utvide til treårige festivaltilskott har Karmøy lagt til rette for at festivalane også kan søke Kulturrådet om støtte, der dette er eit krav for å kvalifisere til støtte.

### **Gjeldande retningslinjer for festivalar:**

#### **Vedtatt i Hovedutvalg oppvekst og kultur sak 50/17:**

##### **9. Tilskudd til festivaler**

*Formålet med tilskuddsordningen er å videreutvikle festivaler i Karmøy som møteplasser og arenaer for formidling og opplevelser av ulike kulturuttrykk.*

- 1. En festival skal ha som formål å formidle kunst og kulturuttrykk.*
- 2. En festival skal ha en varighet på minst 3 dager, og omfatte flere ulike kulturarrangement hver dag. Festivalen skal arrangeres jevnlig hvert eller annethvert år.*
- 3. Søknaden skal inneholde en prosjektbeskrivelse som viser hvilke tiltak som skal gjennomføres, konkrete beskrivelser av hele festivalens innhold, synliggjøring av profesjonell kunst og kultur og kulturell profil - hvilket kulturelt uttrykk festivalen satser på og redegjørelse for hvordan festivalen tar utgangspunkt i det lokale og regionale.*
- 4. Smale kulturuttrykk og prinsippet om kulturelt mangfold skal vektlegges særlig.*
- 5. Det skal bli tatt hensyn til hvilken målgruppe festivalarrangementet retter seg mot.*
- 6. Det kan bli gitt 1-årig og 3-årig tilskudd. Festivaler som søker Kulturrådet og fylkeskommunen om støtte vil bli prioritert når det gjelder flerårig tilskudd. Flerårige tilskudd blir gitt med forbehold i at det ikke skjer endringer i budsjetttrammene i perioden. Festivaler som mottar flerårig støtte må*

*sende prosjektbeskrivelse med regnskapsutdrag for fjaråret innen 1. mars hvert år innen tilskuddsperioden.*

*Søknaden skal inneholde foreløpig program, budsjett og regnskapsutdrag fra året før. Tilskuddet utbetales etter vedtak. Søknadene behandles i Hovedutvalg oppvekst og kultur.*

### **Andre festivaler**

*Det kan gis tilskudd til festivaler med kortere varighet enn tre dager. Festivaler med amatører, semi-profesjonelle og frivillige kunst- og kulturuttrykk kan søke. Det tas hensyn til hvilken målgruppe festivalarrangementet retter seg mot. Dagsfestivaler søker årlig om tilskudd. Søknaden skal inneholde foreløpig program, budsjett og regnskapsutdrag fra året før. Tilskuddet utbetales etter vedtak. Søknadene behandles i Hovedutvalg oppvekst og kultur.*

*Søknadsfrist 1. mars.*

*Søknadsfrist og retningslinjer som festivaltilskott for øvrig.*

I budsjettet for 2023 er det avsett kr 330 000 til festivaltilskott, men det foreslås å auke dette til kr 380 000. Det var ved utløp av fristen 1. mars komt inn 18 søknader om festivaltilskott for 2023, inkludert festivalar som er inne i 3-årig tilskottsperiode. I 2022 fekk 12 festivalar tilskott. Grunna stor søknadsmengde blir midler i kulturformidlingsbudsjettet omdisponert også for 2023. Det blir satt av kr 50 000 ekstra, slik at festivallivet får eit løft etter vanskelige koronaår og prisstigning. Dette inkluderer festivalar som har fått 3-årig tilskott på kr 50 000. Desse oppjusterast til kr 60 000.

### **Søknad om tilskott til festivalar:**

#### **Skudefestivalen**

**Kr 60 000 utbetalast til festivalen i 2023 jamfør vedtak om 3-årig tilskott for perioden 2021-2023. Tilskottsbeløpet oppjusterast i tråd med avsatte budsjettmidler, slik at festivallivet får eit løft.**

Skudefestivalen vert arrangert første helga i juli, og hoveduttrykket for festivalen er kystkultur med musikalske innslag. Festivalen har mellom 30 og 35 000 besökande kvart år og blir arrangert av Lions Skudeneshavn, Karmøy råseglarlag og Skudeneshavn båtforening. Skudefestivalen er ein stor kystkulturmønstring med båtar i alle kategoriar. Det blir lagt vekt på aktivitetar som skal bidra til å vidareføre kyskulturarven gjennom fokus på sjømat, fiske og båtliv. Gammalt handverk som båtbygging, repslaging, knivsmed og tønnemaking blir demonstrert av handverkarar. I tillegg har ein fast festivalutstillar, konserter og underhaldning for alle aldre. I år er Hilde Dahl frå Skudeneshavn festivalkunstnar. I tillegg er det fleire kunstutstillingar rundt om i byen under festivalen. På dagtid er det gratis musikk og underhaldningsinnslag frå utescener og i gatene for å skape trivelig stemning og gode møteplassar. Freddy Kalas, Staysman, Sigvart Dagsland og Karoline Krüger er nokon av årets artistar. Det blir gratiskonsert på torget med unge lokale talenter. Festivalen har og underhaldning for barn på Bade-Olena, og salgsboder med maritimt tema. Det er tre organisasjonar som er garantistar bak Skudefestivalen, men festivalen legg og til rette for at 20 andre organisasjonar får mulighet til å vise sine aktivitetar fram, og få inntektsbringande tiltak under festivalen. Over 400 frivillige frå desse organisasjonane er i aktivitet under festivalen. Dei tre

arrangørane bruker overskottet til tiltak som blir lokalsamfunnet til gode.

Budsjett 2023: utgifter kr 3 000 000, inntekter kr 3 100 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 3 219 677, inntekter kr 3 205 485

*Forslag: Festivalen er tildelt kr 50 000 årleg i perioden 2021-2023. I tråd med avsatte budsjettmidler foreslås det å utbetale kr 60 000 til Skudefestivalen i 2023.*

*Skudefestivalen tilbyr eit variert program og er ein kystkulturfestival av regional storleik. Festivalen er ein attraksjon for både fastbuande og tilreisande, og skaper eit positivt omdømme for byen og regionen. Festivalen er viktig for dei lokale næringslivande, og gjev gode ringverknader i distriktet. Førebileteleg og stabil drift over mange år har bidratt til at festivalen framstår med eit profesjonelt uttrykk.*

### **Skudeneshavn Internasjonale Litteratur- og Kulturfestival - SILK**

**Kr 60 000 utbetalast til festivalen i 2023 jamfør vedtak om 3-årig tilskott for perioden 2021-2023. Tilskottsbeløpet oppjusterast i tråd med avsatte budsjettmidler, slik at alle avsatte midler kjem festivallivet til gode.**

Skudeneshavn Internasjonale Litteratur- og Kulturfestival – SILK blir arrangert 1.-6. november. SILK har eit godt nettverk av forfattarar, forlag og intervjuarar, og har opparbeida seg lang erfaring som festivalarrangør. Festivalen har eit mål om å presentere eit program med skjønnlitteratur, sakprosa, tema som avspeglar dagens samfunn og konserter med artistar der musikk/poesi og litteratur blir knytt saman. Barn og unge skal også inspirerast til å bli interessert i litteratur og festivalen vil fremme leseglede. Målgruppa til festivalen strekk seg over heile Rogaland, med innslag frå mange andre stader i land og utland. Som i tidlegare år har festivalen stort fokus på tilbod til barn og unge gjennom forfattarbesøk i skulen, både under festivalen og elles i året. Festivalen samarbeider også med Den kulturelle skolesekken i Karmøy og dei to andre lokale litteraturfestivalane Falturiltu og Blest.

Budsjett 2023: utgifter kr 1 203 000, inntekter kr 1 192 500

Rekneskap 2022: utgifter kr 1 442 292, inntekter kr 1 498 038

*Forslag: Festivalen er tildelt kr 50 000 årleg i perioden 2021-2023. I tråd med avsatte budsjettmidler foreslås det å utbetale kr 60 000 til SILK i 2023.*

*SILK bidrar til eit kulturtilbod av høg kvalitet i Skudeneshavn og på Haugalandet, skaper aktivitet ut over den vanlige festivalsesongen, og trekker til seg nye festivalpublikummarar både lokalt og frå inn- og utland.*

### **Fiskeridagane i Åkrehamn**

**Søknad om kr 60 000,-**

Fiskeridagane blir i år arrangert 2.-6. august, med hovedfokus på fiskeri- og kystkultur. Målet er å skape ein attraktiv festival som alle ser fram til, både gamle og unge. Oppslutningen rundt

tidlegare års festivalar viser at dette ser ut til å gjelde. Fiskeridagane er eit samarbeid mellom Karmøy Røde Kors og Åkrehamn Kystmuseum. I tillegg bidrar fleire andre organisasjonar til gjennomføringa. Det blir havfiskekonkurranse, fiskekonkurranse for barn, fiskesprell med grilling av fisk, grønnsaker og sjømat, vandring med «Sildakånå», «Mann i båt» tur med Rima til Mortholmen, revyforestilling, gudsteneste, sal og servering av mat, lokalhistorisk foredrag, tedans, foredrag og gratis konsert med Rett Vest. På kveldstid blir det mellom anna konsert med Mads Pedersen, Rossmann, Kvednabekkjers og Vestlandsfanden. Heile helga er det kunstutstilling med Venche Hørring på Åkrehamn kystmuseum, rebuskonkurranse for barn, gjøglerier på kaien og boder med sal av mat, fiskeutstyr og kunsthantverk.

Budsjett 2023: utgifter kr 1 943 500, inntekter kr 2 372 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 1 927 899, inntekter kr 2 349 710

*Forslag: kr 60 000*

*Ein festival som skaper liv i kystkulturmiljøet i Åkrehamn og som finansierer viktig drift av frivillige lag og foreiningar samt museet i Åkrehamn.*

### **Karmøygeddon Metal Festival**

**Kr 60 000 utbetalast til festivalen i 2023 jamfør vedtak om 3-årig tilskott for perioden 2021-2023.**

**Tilskottsbeløpet oppjusterast i tråd med avsatte budsjettmidler, slik at alle avsatte midler kjem festivallivet til gode.**

Karmøygeddon sitt hoveduttrykk er hardrock og metalmusikk. Festivalen satser på stor breidde innan sjangeren og ikkje minst up-and-coming band, pluss å gi dei lokale banda ein mulighet til å få spele på festivalen. I 2023 er det 38 band frå 13 ulike land, og 3 lokale band. I 2023 er mellom anna artistane Kamelot, Dirkschneider, DAD og Rotting Christ booka, samt dei lokale banda Sinsid, Moistbois og Evig natt. Festivalen jobbar med å presentere stor breidde innan sjangeren metal med eit program som reflekterer store nasjonale og internasjonale artistar, up and coming bands og lokale artistar. Publikumskapasiteten til Karmøygeddon er på 2000 personer per dag og festivalen fekk i 2016 status som ein av dei tre største nasjonale metalfestivalane, og er den einaste av sitt slag i Rogaland. Målgruppa til festivalen er aldersgruppa mellom 15-65+, og i tillegg til eit stort lokalt publikum har han gjester frå heile landet samt det store utland. Karmøygeddon har vergeordning, slik at ungt publikum slepp inn saman med verge. Arrangørane vektlegger at alle ledd skal ha eit profitt innhald innanfor musikk, lyd, lys, sanitære forhold og alt ellers i forhold til publikum og artistar. Karmøygeddon bidrar til eit levande sentrum i Kopervik, og genererer inntekter til næringslivet. Karmøygeddon er registrert som ein frivillig organisasjon med over 100 frivillige kvart år. Festivalen har eit spesielt fokus på at konsertane skal vere like tilgjengelige for alle, noko tilbakemeldingar viser fungerer godt og blir opplevd som positivt. Festivalen har trinnfri tilgang med rampe/veg ned til scene, eige publikumsområde og handicaptoalett for rullestolbrukarar. Festivalcampen på festplassen i Kopervik blir kvart år nytta av rullestolbrukarar. Karmøygeddon har godt samarbeid med Byen Vår Kopervik, og synergieffekten av festivalen er merkbart under arrangementet. Festivalen samarbeider og med Røde Kors som vil ha bemanning og ambulanse tilstades under festivalen og som vil kjøre innom festivalcamp. Sidan forrige festival har Karmøygeddon blitt kåra til årets festival i nettavis Rockman, i konkurransen med over 130 andre festivalar. Festivalen har bytta ut alle eingangsglass med glass som publikum leverer inn og

som kan brukast på nytt og har fokus på rydding og sortering av søppel under arrangementet.

Budsjett 2023: utgifter kr 5 530 000, inntekter kr 5 530 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 3 575 655, inntekter kr 2 208 528

*Forslag: Festivalen er tildelt kr 50 000 årleg i perioden 2021-2023. I tråd med avsatte budsjettmidler foreslås det å utbetale kr 60 000 til Karmøygeddon i 2023.*

*Karmøygeddon er den største festivalen i Karmøy, med nærmere dobbelt så stort budsjett som våre andre store festivalar. Karmøygeddon har i mange år fått tildelt støtte frå kulturrådet, og viser igjen som ein kvalitetsmessig god festival som bidrar til å skape ei levande scene for metal på vestlandet. Ved å arbeide iherdig og profesjonelt har Karmøygeddon befesta seg som ein nasjonal aktør innanfor eit smalt kulturuttrykk. Samstundes som festivalen trekker internasjonale stjerner innan sin sjanger gir Karmøygeddon lokale musikere ein unik mulighet til å stå på samme scene som internasjonale storleikar. Festivalen har sett Karmøy på kartet med sitt velklingande festivalmerkenamn, og genererer aktivitet for lokalt næringsliv, kulturnæringer og reiseliv i regionen. Karmøygeddon har fokus på likestilling i program, publikum og styre av festivalen, samt at festivalen tenker miljø og sortering i forbindelse med avfallshandtering på arrangementet. Festivalen var ein forkjempar for at kommunen innførte vergeordning for ungdom i alderen 15-17 år i 2020, slik at desse no kan delta på festivalen på ein god og trygg måte.*

## **Olavsdagane**

**Kr 15 000**

Olavsdagane vart stifta i 1992 for å markere Olsok som kyrkjeleg høgtid og blir i år markert mellom 25. juni og 13. august. Festivalen blir driven av Avaldsnes sokn, og hoveduttrykket er musikk, med innslag av visuell kunst. Årets Olavsdagane vil bli gjennomført i redusert format på grunn av vakanse i kantorstilling. Det blir pilegrimsvandring i samarbeid med Regionalt pilegrimssenter på Avaldsnes, og fire lunsjkonserter på torsdagene i juli. I tillegg blir det open kyrkje to dagar i veka i skuleferien.

Budsjett 2023: Utgifter kr 58 711, inntekter kr 58 711.

Rekneskap 2022: utgifter kr 149 323, inntekter kr 110 198

*Forslag: kr 15 000*

*Olavsdagene har ein smal profil med klassisk musikk som sitt hovudnedslagsfelt, og presenterer eit godt program med høg fagleg kvalitet. Tradisjonsberaren Olavsdagane framstår med stor takhøgde, og som ein viktig arena for presentasjon av både tradisjonell gregoriansk kyrkjesang, men og moderne musikk, verdiar og tankesett.*

## **Kopervik Festival**

**Søker om kr 180 000, 3-årig tilskott**

Kopervik Festival arrangerast 8.-10. juni. Festivalen blir arrangert av Robin Hult og Frode Simonsen

gjennom selskapet Festivaldrift Kopervik AS, og skildrar seg som ein musikkfestival med musikk for alle aldersgrupper. Overskottet frå festivalen skal etter vedtekten til Kopervik Festivaldrift fordelast til gode føremål i Kopervik. Kopervik festival legger stor prestisje i å vere den beste, reinaste og mest veldrivne festivalen i distriktet, og det blir lagt vekt på sikkerhet og nok personell. Festivalen legg i år om profilen og har arrangementa på ulike arenaer i sentrum av Kopervik, som kyrkje, kino og Ovenpaa. Nokre av årets artistar er Vamp, Jan Eggum, Gunnar Andersen, Luxus Leverpostei, Ingebjørg Bratland, June Kommune, og Helge Toft.

Budsjett: utgifter kr 1 604 000, inntekter kr 1 700 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 2 625 421, inntekter kr 2 677 758

*Forslag: kr 60 000,- 1 årig tilskott*

*Kopervik Festival er ein festival primært med vaksent publikum som målgruppe og med arrangement på kveldstid. Arrangementet bidrar positivt til sentrumsområdet i Kopervik. Festivalen har ikkje gitt opplysninger om søknad til kulturrådet, som er bakgrunn for å tildele 3-årig tilskott. Kopervik festivaldrift AS er einearrangør av festivalen i 2023, og søknaden er difor vurdert ut frå at arrangør søker som eit AS med ideelle føremål.*

---

#### **Søknad om tilskott til Andre festivalar, elleve søkerar:**

#### **TORV-festivalen**

**Søknadssum kr 30 000**

TORV-festivalen blir arrangert på Torvastad 24. juni. Festivalen satsar i hovedsak på musikk, og skal ha eit variert program med deltarar innan mange stilarter. Artistar på lista er Rossman, Bo Milli, Wholesome, Slacker 2, Catnip Cloud, Manko, Anna Østrem med band, Les Dunes, the Bundy Bunch, Sundrowned, samt at arrangørane vil invitere nokon av dei unge artistane som dei sjølv har vore mentorar for. TORV-festivalen er ein frivillig driven festival av og for unge voksne på Torvastad. I 2022 var det 200 besøkande på festivalen og ein fantastisk oppleveling ifølgje arrangøren. Plassen skal vere ein inkludarende arena med fokus på opplevelingar og gode minner. Målet er å levere høg kvalitet og dekke et umetta behov, då det ikkje finnes lignande arrangement for unge voksne i området.

Budsjett 2023: utgifter kr 93 267, inntekter kr 95 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 82 167, inntekter kr 85 246

*Forslag: kr 15 000*

*TORV-festivalen har ei drakt som tiltrekker seg eit ungt publikum frå heile regionen. Festivalen har potensiale til å bli eit samlingspunkt for unge musikkarar og publikummarar, både dei som er heimehøyrande i Karmøy, unge voksne som er på veg ut for studier, eller andre som lurer på å vende attende. Arrangementet er av mindre omfang og søknaden er vurdert ut frå retningslinjer*

*for Andre festivalar.*

## Klassisk påske i Skudeneshavn

### Søknadssum kr 50 000

Klassisk påske i Skudeneshavn blir arrangert for andre gong 31. mars-2. april. Festivalen er arrangert som eit samarbeid mellom Falnes kyrkjelyd, Det klassiske hjørnet, Munor og Dextras strykermøte på Haugalandet. Strykermøte på Haugalandet er ei samling for unge talent som blir arrangert samme helg som festivalen. Programmet skisserer konserter på fleire ulike arenaer i Skudeneshavn, Falnes kyrkje, Blondefabrikken og Det klassiske hjørna. Utøvande er bla Ingerine Dahl, Atle Sponberg, Eivind Ringstad, MUNOR-ensembla, Hans Petter Tangen, Kjell Magnus Sandve, samt unge strykertalent frå Haugalandet.

Søkar har ikkje lagt ved eigenerklæring om universell utforming.

Budsjett 2023: utgifter kr 255 000, inntekter kr 252 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 193 820, inntekter kr 205 520

*Forslag: kr 15 000*

*Klassisk påske i Skudeneshavn bidrar til å styrke det klassiske musikktildelingset, samt at festivalen gir unge utøvarar konserterfaring. Festivalprogrammet består av konserter med dyktige profesjonelle utøvarar innan klassisk musikk, og skaper aktivitet innanfor ein smal kunstnarisk sjanger. Det er ynskjeleg at festivalen tenker gjennom korleis ein kan gjere tilbudet meir tilgjengelig for til dømes rullestolbrukarar, og at søker ettersender eigenerklæring om universell utforming. Arrangementet er av mindre omfang og søknaden er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar. Det er ynskjeleg at søker ettersender eigenerklæring om universell utforming jamfør retningslinjene.*

## Visnesmarknaden

### Søknadssum kr 50 000

Visnesmarknaden i år finn stad 22.-24. september på Visnes. Hinderaker og Visnes velforening er arrangør, og programmet vektlegger musikk, mattradisjonar, kunst og handtverk. Det blir konsert i telt i Fransehagen fredagen, aktiviteter for barn og unge laurdag, friluftsgudsteneste og marknadsdag søndag med bla Avaldsnes skolekorps og drill, utdeling av Visnesprisen, salgsutstilling og kafe.

Budsjett 2023: utgifter kr 215 000, inntekter kr 220 000

Rekneskap 2022: ikkje levert

*Forslag: kr 9 000*

*Visnesmarknaden er med og levandegjer eit viktig kulturhistorisk område i og rundt Vigsnes Grubemuseum. Visnes er eit attraktivt reisemål for både fastbuande og tilreisande, og Karmøy kommune ser positivt på at festivalen skaper aktivitet i og rundt det gamle gruvemiljøet. Dei gamle*

*gruveinstallasjonane skaper ei spesiell ramme rundt eit program der nyare kultur går i dialog med fortida. Gjennom kulturformidling skaper Visnesmarknaden ein møteplass på tvers av generasjonane for refleksjon over fortid og notid. Festivalen er ei viktig inntektskjelde for frivillige organisasjonar i Visnes. Arrangementet er av mindre omfang og søkeren er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar.*

## **Jul på Vea**

### **Søknadssum kr 100 000**

Jul på Vea blir arrangert av Vedavågen bygdeutvalg 23.-25. november. Programmet går over tre dagar og hoveduttrykket for festivalen er julemarknad med 25-30 salgsboder med handarbeid og lokal mat. Det blir satsa på underhaldning med lokale sang- og musikk-krefter, med fokus på julemusikk. Jul på Vea har eit stort oppvarma kafetelt med diverse mat til familievennlege prisar. Programmet for 2023 inneber fakkeltog med julegrantenning, samt feiring av 10-årsjubileum med konsert med ein kjent artist.

Budsjett 2023: utgifter kr 200 000, inntekter kr 200 000

Rekneskap 2022: ikkje levert

*Forslag: kr 9 000,-*

*Jul på Vea bidrar positivt til å skape folkeliv i Vedavågen fram mot jul, og julemarknaden er ein samlingsplass for store og små i bygda. Arrangementet er av mindre omfang og er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar.*

## **Gina Krog Festival**

### **Søknadssum kr 25 000**

Gina Krog Festival blir arrangert 16.-17. juni av Gina Krog Kvinnesaksforening i Blondefabrikken, Skudeneshavn. Festivalen har debattar og foredrag som sitt hoveduttrykk. På arbeidsarket fredagen står Kristin Valla med boka Egne steder, og Formbar, som vil presentere sin glasskunst, som står til utstilling begge dagar. Laurdag er planen å ta opp temaet influencere og deira påverknad på godt og vondt, samt vald i nære relasjonar. Hovedmålgruppa er vaksne, med håp om å få til eit engasjement blant unge, spesielt jenter. Gina Krog Kvinnesaksforening vart stifta i 2021 på fødselsdagen til Gina Krog, og det er målet å arrangere ein årleg festival i Skudeneshavn på denne dagen framover.

Budsjett 2023: utgifter kr 67 000, inntekter kr 25 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 23 027, inntekter kr 39 070

*Forslag: kr 7 000*

*Gina Krog Festival er ein festival som vil gjere kjent kvinneskvinna Gina Krog sin tilknytning til Skudeneshavn, og sette kvinneskak på debattarenaen. Dette er eit lite arrangement med debatt og foredrag som hoveduttrykk, og grensar til å vere eit foredrag eller seminarekke, med kulturinnslag.*

*Sidan Gina Krog sin historie har ein kulturhistorisk verdi er det likevel vurdert som innanfor festivalsjangeren. Søkar har vurdert universell utforming, og har valgt å arrangere festivalen i eit lokale som ikkje er tilpassa rullestolbruksarar. Arrangementet er av mindre omfang og søknaden er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar. Budsjettet viser inntekter på kr 25 000, som gir ein balanse på minus kr 42 000. Det er ikkje ført opp andre inntekter eller eigeninnsats, men ein kan slutte seg til at søkar har inntekter frå billetsal og sponsorar ut frå rekneskapstal for 2022. Søker bør levere fullstendig budsjett ved ein eventuell ny søknad.*

## Karmøy Brass Festival

### Søknadssum kr 40 000

Karmøy brassfestival blir arrangert 15.-17. september for korps i Rogaland og Vestland. Deltakarane er frå 9-18 år, med hovedvekt på lågare alderstrinn. Korpsmusikantane samlast denne helga for undervisning av profesjonelle dirigenter, sosialt og for å få ei musikalsk vitamininnsprøytning. Det blir konsert med Stangaland brass.

Budsjett: utgifter kr 240 000, inntekter kr 350 000

Rekneskap 2022: utgifter kr 224 513, inntekter kr 358 352

*Forslag: kr 5 000*

*Karmøy Brass Festival er hovesakleg ei øvingshelg for korps, men har open konsert med Stangaland Brass. Eit tiltak som genererer inntekter til Stangalandkorpsene og gir fagleg påfyll til korpsa. Arrangementet er av mindre omfang og søknaden er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar.*

## Jul i Visnes

### Søknadssum kr 25 000

Jul i Visnes arrangeres av Hinderaker og Visnes velforening 25. - 26. november. Målgruppe er familiær og det blir satsa på tradisjonell julemat og salsutstillingar. Nissen kjem på besøk, og det er kafe med sal av tradisjonell julemat med tilbehør.

Budsjett for 2023: utgifter kr 30 000, inntekter kr 30 000

Rekneskap 2022: ikkje levert

*Forslag: kr 5 000*

*Jul i Visnes bidrar positivt til å skape aktivitet i Visnes fram mot jul, og gjere kulturarvmiljøet rundt dei gamle gruvene til eit besøksmål for eit større publikum. Arrangementet er av mindre omfang og er vurdert ut frå retningslinjer for Andre festivalar*

## Halloween Adventure Walk

### Søknadssum kr 10 000

Halloween Adventure Walk arrangerast av Vormedal Idrett og Fritid 28. oktober. Søknaden fortel ikkje meir om arrangementet. Vedlagt søknaden ligg budsjett som viser utgifter på kr 3 000 og inntekter på kr 3 000, samt kart over Halloween Adventure Walk. I søknadsskjema er utgifter oppført som kr 15 000 og inntekter som kr 5 000.

Rekneskap 2022 ikkje vedlagt, men søker skriv at dette har blitt arrangert tidlegare år.

Budsjett 2023: utgifter kr 15 000, inntekter kr 5 000

Forslag: kr 0

*Arrangementet har barn og unge som målgruppe. Karmøy kommune har forespurt søker om dokumentasjon på at søker er ein frivillig organisasjon med demokratisk valgt styre. Søker har ikkje levert inn dokumentasjon som kan stadfeste dette. Søknad foreslås avslått då søker ikkje ser ut til å vere tilskuddsberettiga og arrangementet ikkje har kunst og kulturformidling som hovedføremål.*

## Kulturfestivalen Mangfold i fokus

### Søknadssum kr 4 155 000, 3 årig tilskott

Kulturfestivalen Mangfold i fokus er ein ny festival som etter planen skal arrangerast på Festplassen i Kopervik i vike 38, 2023 av KFUK-KFUM Norge (Forandringshuset Karmøy), med samarbeidspartnarar. Prosjektet si målgruppe er ungdom og unge vaksne i alderen 13-25 år. Det overordna målet er å etablere ein festival som har rusfrie arrangement og konserter for alle. Arrangør nevner program som matlagning, dans, konserter, festivaltog, og at unge arrangørar skal vere med både på og bak scenen. Festivalen har som mål å bidra til god inkludering av målgrupper og familie som ofte fell utanfor samfunnet sitt ordinære tilbod.

Budsjett 2023: utgifter kr 1 395 000, inntekter kr 1 390 000

Forslag: kr 0,-

*Kulturfestivalen Mangfold i fokus er eit positivt tilskott til festivalprogrammet, som ein festival med ungdom og unge vaksne som hovedmålgruppe. Initiativet kjem frå ein arrangør som har erfaring med ulike arrangement for ungdom og unge vaksne, i samarbeid med andre aktørar i Kopervik, slik at ein ser i utgangspunktet positivt på tiltaket. Det er ikkje ført opp inntekter eller eigeninnsats i budsjett. Søkar har ført opp festivaltilskott frå Karmøy kommune som einaste inntekt, og søknadssummen skal ifølge søknaden i sin heilskap finansiere kulturfestivalen i tre år. I retningslinjene for tilskott innan kulturfeltet står det at maksimalt tilskott er begrensa til eigeninnsatsen som organisasjonen sjølv går inn med.*

## Petanque på Karmøy

### Søknad kr 70 000

Petanque på Karmøy arrangerast av Karmøy Petanque Klubb 25.-26. mars 2023. Petanque på Karmøy skildrast som eit idrettsarrangement med turnering. Turneringen er initiert som open turnering etter oppfordring av Petanque Norge og Norges idrettsforbund. Arrangementet er planlagt anten i Parken, Åkra, eller på grusbanen, Sevland.

Budsjett 2023: utgifter kr 70 000, inntekter kr 70 000

*Forslag: kr 0,-*

*Petanque på Karmøy er eit idrettsarrangement, og fell ikkje inn under retningslinjer for festivaltilskott.*